

FØRDE IL SYMJING SYM FOR STØTTE TIL UTØVARANE VÅRE MED PSYKISKE- OG FYSISKE UTFORDRINGAR!

Førde IL Symjing har i fleire år hatt ei paragruppe. Dette er ei treningsgruppe for born og vaksne med psykiske- og fysiske utfordringar. Det er ei aktiv gruppe, som trenar jamt og har svært godt utbytte av det. Dei har også ved fleire høve vore med på stemner og samlingar ulike stedar i Noreg.

Når vi er på reise, er det alltid nokon ekstra utfordringar, fordi parasymjarane treng assistent med seg og hjelpeutstyr. Dette fører til at å få gjennomført turane kostar mykje meir enn for dei funksjonsfriske.

For å hjelpe parasymjarane økonomisk slik at dei kan bli med på stemner/samlingar, vil trenar for paragruppa, Øystein Erland, den 30. august 2024 symje to timar i strekk i symjehallen. No håpar vi at de «vil vere med på» symjeturen som sponsor i form av økonomisk støtte. Ei bedrift eller ein privatperson kan sponse kvar meter Øystein klarar å symje. Minstebeløpet er 1 øre pr. meter. Ein vel sjølv kor mykje ein ynskjer å støtte med, men Øystein har som mål er å klare 7000m på desse to timane.

Ved å signere på dette skrivet, stadfestar underteikna at bedrifta/privatpersonen er med å sponse Førde IL Symjing paragruppa med _____ øre pr. meter Øystein Erland sym.

Namn: _____

Fakturaadresse: _____

E-post: _____

Signatur: _____

Vi håpar de blir med på dette, då desse turane betyr svært mykje for utøvarane våre!

Signer og ta bilde eller scan og send på e-post.

E-post adr: oystein.erland@eninvest.net

Tlf: 99 72 80 22